



Harald Nilsen Tangen går spennande tider i møte. Her er han på kunstgrasbanen i Uskedalen i påsken.

I påsken [skreiv vi om det 15 år gamle fotballtalentet Harald Nilsen Tangen](#) frå Stavanger med far frå Uskedalen. Då var han i ferd med å førebu seg til G15 landssamling i Trondheim. I går vart denne 4 dagers samlinga avslutta, og Harald gjorde eit svært solid inntrykk.

G15-laget hadde eit sterkt trenerteam på 4 mann med den tidlegare RBK-stjerna Christer Basma som det mest kjende namnet. I tillegg var det eit svært fotballkyndig korps observatørar som fulgte Harald og dei andre spelarane med argusauge. Blant desse var den tidlegare Chelsea-proffen Erland Johnsen og Gunnar Halle som spela mange sesongar i Leeds. Desse er no tilsett i Norges Fotballforbund for å arbeida med yngre landslag.

Samlinga i Trondheim vart avslutta med ein internkamp søndag. Denne vann laget til Harald 3 - 2 etter at talentet med gener frå Sanden hadde scora to av måla. I tillegg til G15 var det også samling for G14, J15 og J14 på same tid i Trondheim.

Det vert no ei spennande veke for Harald og dei andre på G15-samlinga. Mandag om ei veke er det landslagsuttak til turnering i Italia frå 20.04. til 30.04. Der deltar også Mexico, Japan, Spania, USA og Italia.

I ventetida skal Harald Nilsen Tangen spela landsturnering G16 for tippelagalag i Molde komande helg. Då spelar han for Viking, medan hovudklubben hans er Stavanger Fotball. Det vert spanande å følgja med på fotballoplevingane til Harald framover.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.